

11.09.2009

12,1 prosent har førehandsrøysta



Eva Myklebust røystar for to år sidan. Til høgre røystestyremedlem Bjørgulf Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

12,1 prosent av dei røysteføre uskedelingane har førehandsrøysta. Det var fleire enn i Ølve, som stoppa på 10,8 prosent, men færre enn Husnes som kunne oppvisa ei deltaking på 19 prosent, Valen som hadde 17,7 og Rosendal med 15,4.

I heile kommunen har 1.522 eller 16 prosent førehandsrøysta og det er rekord ved stortingsval. Men det kjem truleg også førehandsrøyster i posten slik at ein stoppar på rundt 1.600 røyster.

Geir Mogren i kommunen opplyser til Kvinnheringen at det var 1.305 som førehandsrøysta ved valet for fire år sidan.

Han trur at ein auke for kvart val har samanheng med at det har vorte mykje lettare å førehandsrøysta.